



SAMTYKKEERKLÆRING

Vinje kommune arbeider etter ein modell som kallast SLT- modellen. Arbeidet går ut på å samordne dei lokale kriminalitets- og rusførebyggjande tiltaka blant barn og unge i kommunen. Arbeidet vil i stor grad gå ut på å arbeide for gode oppvekstvilkår for barn og ungdom i Vinje kommune.

Eit av tiltaka har vore å opprette nærmiljøgrupper i Åmot/ Vinje, Edland og Rauland/Øyfjell. Nærmiljøgruppene består av helsesystem, barnevernet, psykiatrisk sjukepleiar for barn og unge, miljøarbeidar/ SLT-koordinator, politiet, skule og barnehage.

Nærmiljøgruppene skal fungere både som ei kartleggingsgruppe og ei arbeidsgruppe. Målet er på den eine sida å kartlegge oppvekstvilkåra for barn og unge i kommunen, og arbeide for å betre dei. Samstundes skal gruppa fungere som ei ressursgruppe som kan inn å yte hjelp med kompetanse og tiltak i konkrete saker som gjeld grupper eller enkeltindivid.

Det er viktig å presisere at me ynskjer at det skal vere ein låg terskel for at denne gruppa kan inn å medverke med sin kompetanse. Dette er eit førebyggjande tiltak, og det er difor viktig at me så tidleg som mogleg kjem inn i saker der me kan vere med å hindre ei negativ utvikling.

For å kunne ta opp saker som gjeld namngjevne personar, må me ha samtykke i frå foreldre eller føresette. Ved å skrive under på dette skjemaet, så gir du/de samtykke til at me i denne gruppa kan samarbeide om områder som gjeld ditt barn. Samtykket frittek alle i nærmiljøgruppa frå teieplikta. Du/de kan avgrense samtykke til å gjelde berre konkrete saker eller område i barnet sin livssituasjon.

Samtykke gjeld (konkret sak, område, og liknande.):

Namn på den saka gjeld: _____

Samtykke innhenta av namn/stilling/etat

Foreldre/føresette

Stad og dato
